



Arkivnr: 2014/10532-38

Saksbehandlar: Roald Breistein

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

**Kurs i regi av Deloitte 2019**Bakgrunn for saka

**Hordaland fylkeskommune valde Deloitte som revisor med verknad frå 1.7.2017. I kontrakten som er inngått går dette fram av vedlegg B Kravspesifikasjon punkt 3.3:**

«*REVISOR skal leggje fram for kontrollutvalet forslag om, og halde kurs for utvalet sine medlemmar, politisk nivå og/eller for medarbeidrarar i administrasjonen. Tema skal avtalast med kontrollutvalet ved det einskilde høve. Omfang skal reknast til 2 kursdagar pr. år.»*

**I tilbodet frå Deloitte punkt 1.8 går det også fram m.a. dette:**

«*Deloitte er også opptatt av å sikre løpende kompetanseoverføring, både overfor administrasjonen i fylkeskommunen og for kontrollutvalet. Dette er noko vi legg vekt på i det ordinære revisjonsarbeidet, men også noko vi kan bidra med for eksempel i form av kurs, seminar og andre kompetansehevande tiltak. Som det går fram av kravspesifikasjonen, ønskjer fylkeskommunen at valt leverandør skal legge fram forslag om, og halde kurs for kontrollutvalet sine medlemmar, politisk nivå og/eller medarbeidrarar i administrasjonen, i omfang 2 kursdagar per år. Deloitte vil levere kurs i samsvar med dette kravet.*

*Deloitte har fleire forslag til kurs som vi kan leggje fram for kontrollutvalet og administrasjonen. Mellom anna kan vi gjennomføre kurs i kommunal eigenkontroll. Vi har god erfaring med å gjennomføre kurs og seminar om kommunal eigenkontroll og samhandling mellom ulike aktørar i fylkeskommunen. Tilbydde ressursar har halde slike kurs mellom anna for samlingar av kontrollutvalsmedlemmer frå kommunar og fylkeskommunar, som enkeltvise kurs for kontrollutval vi er revisor for, for kommunestyrer, og for kontrollutvalet til Sametinget.»*

## Drøfting

I 2016, 2017 og 2018 har det vore gjennomført desse kursa innan kurkveten:

- Samfunnsansvar og antikorrupsjon
- Kurs for innkjøpsansvarlege i fylkeskommunen
- Bestilling og oppfølging av forvaltningsrevisjonar
- Bestilling av forvaltningsrevisjon
- Lov om offentlege anskaffingar, inkl. kontraktsoppfølging
- Habilitet
- Ny kommunelov

Vedlagt følgjer Deloitte sine forslag til aktuelle kurs som kan vera aktuelle å halde for kontrollutvalet og/eller administrasjonen i Hordaland fylkeskommune. I oversikten går det fram at dei kan tilby kurs innan:

1. Samfunnsansvar og korruption
2. Innkjøp i samsvar med regelverket
3. Merverdiavgift og merverdiavgiftskompensasjon
4. Justeringsplikt og rett
5. Habilitet
6. Ny kommunelov
7. GDPR
8. Arkivering, journalføring og offentlighet
9. Utvalde tema knytt til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll
10. Innføring i kommunerekneskap
11. Roller og rolleforståing i kommunal eigarskapsforvaltning
12. Avstemming av rekneskapen
13. Pensjon
14. Innberetning av lønn
15. Investeringsrekneskap
16. Andre reknesaksmessige problemstillingar

Er det andre tema kontrollutvalet ønsker å ha kurs innan kan dette diskuterast med Deloitte. Det kan også vera føremålstenleg å spørja om administrasjonen ønsker å nytt noko av denne kurkveten og om det kan vera andre tema enn dei som står i kursoversikten til Deloitte som er ønskelege. I tillegg vil administrasjonen vera invitert med på dei kursa kontrollutvalet arrangerer. Det normale til no har vore at slike kurs har hatt ein varighet på 2 timer og at dei har vore halde i samband med eit kontrollutvalsmøte.

## Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet diskuterer kva kurs dei vil at Deloitte skal gjennomføre utover i 2019. Kontrollutvalet bør også spørja om administrasjonen ønsker å nytt noko av kurkveten. Vidare bør utvalet be sekretariatet ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kursa.

## **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan ..... 01.04.2019
2. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan ..... 11.06.2019
3. Kontrollutvalet ber om at sekretariatet tar opp med administrasjonen om dei ønsker å nytt noko av kurkveten.
4. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kursa.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.*

Vedlegg  
1 Kurstilbod 2018